

Geir Espeland
Elin Bjørheim
Hanne Elise Lindal
Ingrid Marie Særheim
Ingvar Ueland
Hege Vestly
Siv Anfinnsen
Wendy Vatne

Dykkar ref.

Vår ref.
16/28808 TRHEArkivkode
035 A20Dato
03.10.2016

Referat frå møte nr 1. 2016/2017, FAU , Bø skule

Dato: 29.09.16

Tid: 18.30

Forfall: Geir Espeland, Siv Anfinnsen

Saker:

01/16-17 Konstituering.

Leiar; Geir Espeland 4.trinn
Nestleiar; Elin Bjørheim 2.trinn
Kasserer; Wendy Vatne 3.trinn
Sekretær; Hanne-Elise Lindal 6.trinn
Styremedl. Ingvar Ueland 1.trinn
Styremedl. Hege Vestly 3.trinn
Styremedl. Siv Anfinnsen 7.trinn

Rektor; Ingrid Marie Særheim

Wendy tek kontakt med Leif Helge Matningsdal for overtaking av konto o.a.

02/16-17 Skuleruta 2017-2018

Gjennomgang av skuleruta for Jærskulen. (Gjesdal, Hå, Klepp,Time)

Forslag til justering i høve oppsett;

- Måndag 30.april - fridag.
- Tysdag 3.april – (3.påskedag) – skuledag.

03/16-17 Facebook og heimesida.

Kan Bø skule bruke Facebook til nyheiter?

Skulen ynskjer å nytte dette mediet til nyheiter og positive hendingar. Dei tenkjer at dette vil verta ein enklare måte å syne aktuelle hendingar på.

Etter diskusjon i FAU om nettvett, vert me einige om at skulen kjem med gode og «streng» retningslinjer for korleis og kven som har høve å publisere på mediet.

FAU vert tilsendt desse for gjennomgang pr. e-post.

04/16-17 Ny skule.

Korleis har oppstarten i ny skule vore? Tilbakemeldingar/ evalueringar frå dykk foreldre. Fantastisk flott skule, barna har også fått eit eineståande uteområde. Imponerende handsaming og organisering av første skuledag/opningsdagen.

Vedr. mat og organisering av denne, så har det vore nokre innkjøringsutfordringar.

Skulen evaluerer og søker løysingar med mål om at dette skal gå smidig og finslig føre seg . Elevane er flinke å stå i kø, likevel må det nok arbeidast litt med hygiene i forsyningsfasen. Frukt vert utdelt i siste friminutt.

05/16-17 Eventuelt.

- **Bibliotekbøker;** No med ny flott skule, vil det verta fulgt opp om ikkje lånebøker vert tilbakelevert. Etter 3.purring vil ein få tilsendt rekning på gjeldande bok/bøker.
- **Hausten 2017;** Kort skuledag vert mest sannsynleg på tysdagar for alle (likt i heile Jærskulen). 1. og 2. trinn vil elles ha ein kort dag til. Kva dag dette vert er endå ikkje bestemt. Skuleskyssen er i så måte ein faktor som spelar inn på kva moglegheiter ein har.
- **Mail og adresetilgang for elevane.** Wendy har oppdaga at det nærast er full tilgang på alle kommunens mailadressar for elevane . (Foreldre-adresser inkl.) Me tykkjer dette er merkeleg. Wendy tek kontakt med IT-ansvarleg på Bø Skule , Tor Øyvind Fagereng.

Neste møte ; torsdag 10.november kl.18.30.

Med helsing
Hå kommune

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur